



HARDANGERKORET

Hardangerkoret

Årsmelding

2016





Årsmelding for Hardangerkoret 2016

Hardangerkoret har hatt 50 betalende medlemmer dette året mot 52 i 2015. Det har i snitt vore 49 deltakarar på kvar samling i 2016 (56, 51, 40, 51 og 47), det same snittet som i 2015. Vårhalvåret var prega av besøk frå Cuba, og øving på Cubanske rytmar. Hausthalvåret brukte me på Sommarlandet, som me tok med til New Orleans i november. Fordelinga på stemmer er bra balansert, men vi håpar framleis på å få med nokre fleire menn. Turen til New Orleans sørga for å knyte endå tettare band mellom koristane.

Vi har hatt 4 seminarhelger og ein kortur i 2016:

19.-21. februar i Nordheimsund. Me budde på Sandven hotell og øvde på borneskulen. Den nye skulen var eit kjekt øvingslokale og her byrja vi å øve på cubanske songar. Cubanske rytmar var litt framande og kanskje litt vanskelege for koret. Dei fleste av oss reiste heim nynnande på ein eller annan form for El Chan Chan.

1.-3. april i Nordheimsund. Konserthelg med Vocal Divas. Me budde på Sandven hotell og øvde på borneskulen. Me møtte dei imponerende Vocal Divas som var på turné i Noreg, me var det fyrste koret dei møtte. Dei cubanske damene prøvde å læra oss polyrytmisk cubansk musikk. Det var ikkje lett, men dei gav oss veldig god hjelp. Konserten heldt me i Nordheimsund kyrkje. Fyrst ein avdeling med Hardangerkoret, deretter Vocal Divas og ei avslutning der me framførde songar saman.

27.-29. april på Voss og i Dale. Me øvde og budde på Voss folkehøgskule. Sundagen hadde me ein konsert i Dale kyrkje. Me repeterte Sommarlandet og prøvde oss litt på dei engelske tekstane til stykket. Konserten i Dale var ein Vårbrus med lett blanding av norsk, sør-amerikansk, gospel og Sommarlandet. Tre ungdomar frå ungdomskoret i Dale var med og song.

19.-18. september i Jondal. Me budde på Folgefonn gjestetun og øvde på bedehuset. Hovudfokuset denne helga var å få Sommarlandet på plass til turen til New Orleans.

12.-21. november i New Orleans. Korturen til New Orleans var ei stor oppleving for koret. Reiseleiarane våre var dei erfarne New Orleans-fararane Prots og Jan Inge Melsæter. Me budde på hotell i det franske kvarteret og hadde gåavstand til dei fleste turistmåla i byen. Restaurantar, barar, jazzklubbar, Mississippi-elva, Jackson Square, shopping og mykje anna låg og venta eit steinkast frå hotellsenga. I kvarteret budde det framleis folk, sjølv om gatene var fulle av tilreisande. Lokalbefolkninga var smilande og gjestfrie, og gjorde det behageleg å vera turist i byen. Etter nokon dagar i storbyen var det



HARDANGERKORET

deilig å ta ein tur på landet med ein lærerik plantasjetur og ein alligatorsafari på båten til ein pratsom kaptein.

Me fekk møta TC Hawkins og fleire frå kyrkja hans. Ei grytidleg gudsteneste morgonen etter me landa, blas sindige vestlendingar av stolane. Same tid ei veke etter var me med og song i gudstenesta. Det var ei stor oppleving. TC Hawkins og songarar frå koret hans øvde med oss i Sjømannskyrkja heile veka. Når me ikkje øvde på gospel i Sjømannskyrkja, song me på Sommarlandet og hadde ein konsert i kyrkja fredagen. Publikumet bestod mest av nordmenn og folk med tilknytning til Noreg. Me hadde Arild B. Nilsen, Merethe Gauden, Birgitte Velsvik og Per Arild Skorgen med oss på konserten.

Dirigent og musikalsk leiar er Per Oddvar Hildre (Prots). Han inspirerer oss stadig ved å kna og elta koret, og viser at det kan låta verkeleg fint. Han gjev inntrykk av at han trivst med å vera fast dirigent i koret og han at han meiner koret har hatt ei god utvikling. I 2016 utvida me med eit kurs (turen til New Orleans), noko som er med på å setja krav til koristane. Det er viktig å vera med på så mange øvingar som mogeleg.

Styret for 2016 har hatt seks styremøte og i tillegg mindre arbeidsmøte under korsamlingane. Det har vore handsama 28 saker. Styret har vore slik samansett etter årsmøtet 20. februar:

<i>Leiar</i>	<i>Anne Karin Stormyr</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Eva Nærø</i>
<i>Kasserar</i>	<i>Gunnar Dalseth</i>
<i>Skriver</i>	<i>Gisle Hamstad Haukelidsæter</i>
<i>Styremedlem</i>	<i>Andi Hydle</i>

<i>1. Vara</i>	<i>Magnus Opedal</i>
<i>2. Vara</i>	<i>Karin Melkeråen Eiken</i>

Det har vore jobba med planlegging og førebuing av korsamlingane og konsertane. Korturen til New Orleans har vore ei stor sak, og styret er samde om at nye turar må planleggjast innan kort tid. Det er viktig å spreie samlingar og konsertar i regionen og utover Hardanger sine grenser. Forventa publikumstal og økonomi er alltid med i planane.

Medlemskap i Norges Kirkesangforbund. Hardangerkoret er medlem i Norges Kirkesangforbund. Som prosjektkor betalar vi berre sentral kontingent.

Sponsorar og økonomi: Meldemspengar, kursavgift og billettintekter er dei viktigaste inntekstkjeldene for koret. I tillegg har vi fått sponsorinntekter frå Hardanger Sylvplett på kr 5 000, aktivitetsmidlar for kor på tilsaman kr 30 000, stønad frå Jondal kommune kr 1 000 og tippemidlar kr 863. Momskompensasjonen for 2016 vart tilsaman kr 24 738.



HARDANGERKORET

Vi har i tillegg fått støtte frå lokale bedrifter til annonsering av konsertane mot at dei får logoen sin i programmet, tilsamman kr 4 750. Det er viktig at alle medlemmene ser om dei kjenner bedrifter som kan vera aktuelle sponsorar. Økonomien elles er bra på slutten av arbeidsåret.

Samarbeidet med Voss folkehøgskule:

Voss Folkehøgskule er fast samarbeidspartnar for Hardangerkoret sine kortkurs. Tre av kursa våre var i samarbeid med skulen. Aprilkurset var i samarbeid med Haugetun folkehøgskule. Det fjerde kurset for Voss folkehøgskule skulle vera turen til New Orleans, men skulen fann ikkje høve til å kunne rekne dette som kurs på grunn av reglementet til skulen og om turar utanlands.

15. februar 2017

Styret ved skrivar

Gisle Hamstad Haukelidsæter